
Fra: Hilde Rusten <hiru@udi.no>
Sendt: 28. april 2017 14:48
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Stig Arne Thune
Emne: Møte med Lindås kommune i samband med nedbygging av Lindås mottak

Hei!

Grunna svært låge ankomsttal på asylsøkjjarar i 2016 og 2017 har UDI den siste tida sett seg nøydd til å avvike ein rekkje mottak i regionen. Som kjent er Lindås mottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar eitt av mottaka som har fått oppseiing. Mottaket har siste driftsdato 31.07. Flytting av bebuarar er berekna å gå finne stad i månadsskiftet juni/juli slik at dei får avslutta skuleåret i Lindås.

Som vertskommune har Lindås hatt viktige oppgåver knytt til mottaket. I samband med oppseiinga av driftsavtalen ønskjer UDI Regionkontor Vest eit møte med dykk for å høyre kva erfaringar kommunen har gjort seg som vertskommune.

Aktuelle tema:

- Innleiing ved UDI om status på asylfeltet i Noreg
- Generelle erfaringer kommunen har gjort seg som vertskommune for einslege mindreårige asylsøkjjarar
- Erfaringar frå dei ulike tenesteområda- helse, barnevern, skule

Dersom de har spesielle ting de ønskjer å drøfte på møtet kan dette meldast til underteikna på e-post i forkant.

Det er ønskjeleg frå vår side om sentrale aktørar frå kommunen, slik som skule, helse, barnevern, norskundervisning og eventuelt andre deltek i møtet.

Etter møtet med kommunen, vil UDI ha møte med driftsoperatør og tilsette ved Lindås EM statlege mottak.

Når det gjeld dato for møtet, foreslår vi **onsdag 24.mai el tirsdag 6.juni kl 9.00**. Ber om tilbakemelding så snart som råd på om dette tidspunktet høver for dykk, eller om det er andre tidspunkt/datoar som høver betre.

Møtet er berekna til å ta ca 1,5 time. Frå UDI Regionkontor Vest vil regiondirektør Stig Arne Thune og underteikna delta.

Venleg helsing

Hilde Rusten
rådgjevar
Region- og mottaksavdelinga, Regionkontor Vest
+47 40706361

UDI

Utlendingsdirektoratet
www.udi.no

Vennlig hilsen

Faustin Gasana

rådgiver

Region- og mottaksavdelingen

Regionkontor Vest

+47 40 70 65 61

UDI

Utlendingsdirektoratet

www.udi.no